

Spørsmål om rute 700 i Sunnhordland frå Per Jarle Valvatne

Representanten **Per Jarle Valvatne** (A) har stilt følgjande spørsmål:

I dag er det det slik at du kan ta ordinær Skyss-buss til Halhjem. På andre sida derimot er det svært dårleg med korrespondanse. Det betyr at passasjerane er tvungne til å bruke Kystbussen, noko som er svært dyrt samanlikna med det fylkeskommunale busstilbodet. Mitt spørsmål er då: Er det mogeleg å forlenge rute 700 i Sunnhordland fram til Sandvikvåg? (Den går i dag frå Haugesund til Leirvik, korresponderer med buss til Bømlo på Føyno). Alternativt er det mogeleg å auke frekvensen mellom Sandvikvåg og Leirvik?

Svar frå fylkesrådmannen

I forkant av nytt bussanbod Sunnhordland vart det i 2015 utarbeidd ein trafikkplan for området, Trafikkplan Sunnhordland, oktober 2015. Trafikkplanen vart handsama i fylkesutvalet, med følgjande vedtak (PS 331/2015):

«Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane som er gitt i Trafikkplan for Sunnhordland om forbetingar i kollektivtilbodet i Sunnhordland. Trafikkplanen gir eit godt grunnlag for å detaljplanleggje rutetilbodet for nytt anbod i området.»

Fylkesutvalet legg til grunn at det i region Sunnhordland er gode interne korrespondansar, samt korrespondansar mellom lokalt rutetilbod og ekspressruter som snæggbåten og Kystbussen.»

Tilbodet i Sunnhordland er planlagt med grunnlag i denne trafikkplanen, der i blant linjenettet i regionen. Vidare utvikling av tilbodet vil vere basert på dei føringane som der er lagt, samt prioriteringar innanfor dei til ein kvar tid gjeldande økonomiske rammer.

Linje 700 utgjer hovudlinja mellom Leirvik og Haugesund, og er i stor grad knytt opp mot skuleskyss og korrespondansar mot lokale linjer i Sveio. Linja som i dag kører mellom Leirvik-Sandvikvåg er linje 671, og betener både den austlege og vestlege vegstrekninga mellom Fitjar og Leirvik. Linja er særleg knytt opp mot skuleskyss, samt korrespondansar mot ferga Jektavik-Nordhuglo-Hodnanes. Det er ikkje lagt opp til korrespondansar mot ferje på Sandvikvåg, men det er overgangsmoglegheiter som vil innebere noko ventetid.

Det vil vere mogleg å auke frekvensen på linje 671 for betre korrespondanse mot linje 700 dersom ein får økonomiske rammer til dette. Vi vurderer likevel at det ikkje er passasjergrunnlag stort nok til å tilrå dette.